



Tommy Halseth
Holsbergstien 12
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/356 - 17/3656

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
06.03.2017

Godkjenning- Søknad om oppføring av garasje, Holmemarka aust- Gbnr 10/246

Administrativt vedtak. Saknr: 60/2017

Tiltakshavar: Tommy Halseth og Beate Blindheim Halseth
Søknadstype: Søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen for Holmemarka aust, og løyve til tiltak utan krav om ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 19-2, 20-1 og 20-4

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Tommy Halseth og Beate B. Halseth har søkt om løyve til tiltak utan krav om ansvarsrett for oppføring av garasje med loft på 42 m², på gbnr 10/246 i Holmemarka aust.

Eigedomen er regulert til bustad i reguleringsplan for Holmemarka aust, planid: 125620031029. Garasje er difor i samsvar med arealformålet. Det følgjer av reguleringsplanen at «husa» skal plasserast innanfor regulert byggjegrænse. Garasjen kan dermed plasserast utanfor byggjegrænsa.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 21.2.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i perioden 17. 2 – 19.2.2017. Det er ikkje komen merknader til tiltaket, og nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plan- og lovgrunnlag:

Eigedommen er regulert til einebustad, område B2. Det er saman med søknad om tiltak, søkt dispensasjon for plassering i strid med byggegrense i arealplankartet. Sidan føresegna omfattar «husa», jf § 3, er det ikkje trong for dispensasjon oppføring av garasje.

Tillat tomteutnytting (%TU) er satt til 34%. I søknaden er tiltaket opplyst med ein tomteutnytting på 32,58 %. Følgjelig er tiltaket i samsvar med reguleringsplanen.

Plassering- og avstand til nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart journalført motteke 6.3.2017. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4, tredje ledd bokstav b.

Planløyising, høgd og visuelle kvaliteter:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar journalført motteke 21.2.2017. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-1 og 20-4 løyve til oppføring av garasje med loft på 42 m², på gbnr 10/246 i Holmemarka aust, i samsvar med søknad journalført motteke 21.2.2017. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Plassering og utforming av tiltaket skal vera som vist på situasjonskart og teikningar journalført motteke 21.2.2017 og 6.3.2017.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyve er gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram av søknaden vert registrert i Matrikkelen, jf matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikning
Søknad om tiltak utan ansvarsrett GBNR 10/246
img-306125833-0001

Mottakere:

Tommy Halseth

Holsbergstien 12 5918

FREKHAUG